Vi slår ring om Flekke skule!



Skulen er viktig for Flekke og Flekke er viktig for Fjaler!

Vi ber om at administrasjonen, og seinare kommunestyret går for å oppretthalde Flekke skule!

Det er stort engasjement i heile Fjaler for å ta vare på skulane våre, og for å sjå heilskapen i staden for nokre sparte kroner på kort sikt. Vi i Flekke grendalag set pris på alle gode, konstruktive og grundig gjennomarbeida innspel som har komme i prossessen. Born, ungdom, foreldre, lærarar, skular, besteforeldre, næringsliv og bedrifter, organisasjonar og lag har engasjert seg, og kjempar saman for å halde på skulane, og på den optimismen og positive utviklinga vi har i kommunen vår.

Vi vil på vegner av alle som er opptekne av, og vert påverka av denne saka, be administrasjonen med kommunedirektør og oppvekstsjef som ansvarlege, om å ta alle innspel på alvor. Vi ber dykk om å bruke god tid på gå grundig inn i alle høyringsuttalane før de legg saka fram for kommunestyret.

Kommunestyrerepresentantane må vere sikre på at prossessen og saksgangen har vore rett og ryddig. Dersom det er gjort feil, slik mange har påpeika, så kan dei ikkje fatte vedtak om nedlegging.

- Ein må syte føre at talgrunnlaget stemmer; både økonomi, areal og elevtal. Vi må få sikre tal på planlagt klassedeling og kutt i lærarstillingar.

- Ein må vite at saka er godt nok utgreidd. Det er punkt i bestillinga frå kommunen som ikkje er godt nok utgreia, dette gjeld m.a. samfunnsmessige konsekvensar, barnet sitt beste, kvalitet og tilstand på bygget i Flekke. Det gjeld og korleis grupper skal delast og organiserast på Dingemoen. Kven av dei tilsette er det som får behalde jobben i skulen, og kven får tilbod om anna jobb? Det er ikkje laga ein god nok plan for vidare drift av barnehagen i Flekke.

- Ein må ta innbyggarane og næringslivet sine argument og bekymringar for at tilflyttingsveksten stoppar opp på alvor. Stans i tilflytting og vekst vil føre til lågare skatteinntekter for kommunen, og dermed endå svakare kommuneøkonomi.

- Ein må få vite kva kommunen tenkjer med bygningsmassen. Dette er eit viktig hus for heile bygda, ikkje berre skule og barnehage. Det er treningsarenaen vår, det er samlingspunktet for 17.mai og andre store arrangement. Ein kan ikkje ta frå Flekke møteplassen, og huset, som er så viktig for identitet, trivsel og sosial tilhøyrsle i bygda.

  Fjaler kommune må sjå alle bygdene i Fjaler som ein viktig ressurs som ein vel å halde liv i.

  Kva vil ei nedlegging føre til for bygda Flekke og Flekke skulekrins?

  Kva konsekvensar får det for Dale og for heile Fjaler?

Flekke Grendelag